



Per Spelmann

Per spelemann hadde ei einaste ku,
Per spelemann hadde ei einaste ku.
Han bytte bort kua, fekk fela igjen,
han bytte bort kua, fekk fela igjen.
"Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi."

/: Per spelemann, han spela, og fela ho lét, :/
/: så gutane dansa, og jentene grét. :/
"Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi."

/: Og om eg vert gammal som stein under bru, :/
/: så aldri eg byter bort fela for ku. :/
"Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi."

/: Og om eg vert gammal som mose på tre, :/
/: så aldri eg byter bort fela for fé. :/
"Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi."

/: Og om eg vert gammal som skorpa på graut, :/
/: så aldri eg byter bort fela for naut. :/
"Du gamle gode fiolin, du fiolin, du fela mi!"

PER SPELMANN

Norsk folkevis

Per Spelmann han hadde ei einaste ku. Han bytte bort kua, fekk
fela igjen. Han bytte bort kua, fekk fela igjen! Du
gamle, gode fiolin, du fiolin, du fela mi!

:/:Per Spelmann han spela, og fela ho let,:/:
:/:så gutane dansa, og gjentene gret.:/:
Du gamle, gode osv.

:/:Per Spelmann han spela, og fela var go',:/:
:/:så gutane dansa, og gjentene lo.:/:
Du gamle, gode osv.

:/:Og om eg vart gamal som stein under bru,:/:
:/:nei, aldri eg byter bort fela for ku.:/:
Du gamle, gode osv.

:/:Og om eg vart gamal som mose på tre,:/:
:/:nei, aldri eg byter bort fela for fe.:/:
Du gamle, gode fiolin, du fiolin, du fela mi.